

Venstre joker og Yri varaordførar?

16.09.2011



Kjell Yri i samtale med Frp-mannen Thgorleif J. Hellesøy i valgkampen på Husnes (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag blir det fjerde kvelden utan nokon avklaring på ordførarspørsmålet hvis det ikkje skjer eit gjennombrot. Men uskedalen.no har grunn til å tru at gjennombrotet kan skje og at det kan få eit heilt anna utfall enn dei som har vore lansert til no: Venstre blir jokeren og uskedelingen Kjell Yri blir varaordførar! Ordførar blir då sjølvsagt Høgres Leif Sverre Enes, den suverene sigrar i valet.

Som også Kvinnheringen meldar i dag har det vore møte mellom sigerpartiet Høgre, Framstegspartiet og Venstre, som fekk til saman 18 av dei 35 i kommunestyret - altså eit knappast mogeleg fleirtal.

Frp-leiar Ole Torbjørn Holmedag seier til Kvinnheringen at det har vore ein god tone mellom dei 3 og at partia føler dei har kome nærmare kvarandre når det gjeld politikken den siste tida.

Holmedal fortel at dei skal halda kontakten med Venstre og det er gunn til å tru at det skjer seinare i dag. Kjell Yri er med på Humlepungens studietur til Danmark, men partiet forhandlar vidare med mellom andre avgåande varaordførar Synnøve Handeland som talskvinne.

Til no har det vorre mest fokus på Kristeleg Folkeparti som partiet på vippet, men det har så langt ikkje kome noko avklaring rundt dette og den no sittande koalisjon med Arbeidarpartiet i spissen. Det

blir ryktevis sagt at forhandlingane går tregt fordi KrF så langt ikke får innfridd dei politiske krava sine.

Av Ola Matti Mathisen



Blir desse ordførar og varaordførar?